
Fra: Tone Margrethe Bærland Furustøl
Sendt: 1. mars 2016 13:34
Til: 'nils.bjerkeng@gmail.com'; 'post@kalasbygg.no'; 'jan.t.stromme@gmail.com'
Emne: Informasjon om handsaming i Plan- og miljøutvalet – gbnr 11/64 og 85 Hølleland

Det vert vist til klage på oppføring av fritidsbustad – gbnr 11/64 og 85 Hølleland.

Det vart gjeve løyve til riving av eksisterande fritidsbustad og etablering av ny fritidsbustad på gbnr 11/64 og 85 Hølleland den 28.04.2015. Byggeløynet vart delvis korrigert den 08.05.2015 som følgje av at det var oppgitt feil BYA i løyvet. Det er motteke klage frå nabo Nils Bjerkeng, gbnr 11/60, i brev motteke her 16.10.2015. Det er klaga på utbyggingen av fritidsbustaden med tilhøyrande terrasse. Det er motteke uttale til klagen frå ansvarleg søkjar, Kålås og Sønn Byggevarerhandel AS, i brev motteke her 19.01.2016.

Saka skal handsamast av Plan- og miljøutvalet i møte den 16.03.2016. Møtet vert halde i kantina på rådhuset og startar kl. 12.00. De kan stille som tilhøyrar på møtet.

Dersom det vert synfaring i samband med møtet, vert det sendt ut eige brev om dette.

For å sjå møteinnkalling med sakspapir gå til Lindås kommune si heimeside, gå til politisk møtekalender, velg Plan- og miljøutvalet og aktuell møtedato.

Med helsing

Tone Furustøl, rådgjevar

Ikkje send svar direkte på denne e-posten.

Svar eller førespurnadar rettast til: postmottak@lindas.kommune.no

Tenk miljø før du skriv ut denne e-posten.

Er meldinga motteke hjå feil adressat, ver venleg å slette den frå postsystemet.